



STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I
HORDALAND
Salhusvegen 201
5107 SALHUS

Dato: 01.11.2016
Vår ref.: 2016/1173-6
Saksbehandlar: elibjor
Dykkar ref.:

Underretning om vedtak. Museumsplanmidlar 2016. Samlingsrådet

Museumsplanmidlar 2016 for dei konsoliderte musea i Hordaland er no fordelt gjennom tilskotsordninga «Museumsløft 2016», møte i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling PS 133/2016, og direkte løyvingar gjennom vedtak i Fylkestinget sitt møte i mars, PS 11/2016.

Samlingsråd for musea i Hordaland er tildelt 100 000 kr i PS 11/2016, administrert gjennom Museumssenteret i Hordaland. Bevaringstenestene er ei avdeling under Museumssenteret med ansvar for fellestenester for musea i Hordaland.

Grunngjeving:

Fylkestinget løyver 100 000 kr til Samlingsråd for musea i arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar. Midlane vert fordelt til Bevaringstenestene som er fellestenestene for musea i Hordaland.

For oversikt over tildeling sjå politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=6565&caseType=Protokoll®istryEntryId=180188>.

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=6565&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=180188>.

Vi viser også til møte i Samlingsrådet vår og haust 2016, der ein har drøfta organisering og oppgåver til Samlingsrådet og korleis ein kan arbeide konkret med dokumentasjonsprosjekt.

Vilkår for tilskot- Oppfølging, rapportering og kontroll

- Tilskotet skal gå til arbeidet med dokumentasjon av kulturarv i samband med omstillingar i bedrifter og offentlege institusjonar.
- Det er ein føresetnad at representantar frå fleire museum deltek i dokumentasjonsprosjektet.
- I forkant må det utarbeidast prosjekt med grunngjeving for val av bedrift/institusjon, mål, tilnærming og budsjett som vert drøfta i Samlingsrådet.

- Musea sin eigeninnsats må synleggjerast i budsjettet.
- Det er vidare ein føresetnad at resultatet vert presentert i rapportform med overførings- og læringsverdi til andre dokumentasjonsprosjekt.
- Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap seinast 3 månader etter at tiltaket er gjennomført.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale mv skal det gjerast tydeleg at Hordaland fylkeskommune er tilskotsgevar. Dokumentasjon av dette skal leggjast ved rapport.

Utbetaling

Tilskotet vert utbetalt til dykkar bankkontonummer innan kort tid.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – saksnummer 2016/1173*. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Irene Fredheim Kronen